

# AKSJON ALUMINIUM

## TIL ALLE FØRESETTE!

Klassen har nå meldt seg på «Aksjon aluminium», ein morosam og lærerik resirkuleringsaksjon for elevar i 5. - 7. klasse i heile Noreg. Aksjonen går ut på å resirkulere emballasje laga av aluminium, da dette ofte hamnar rett i søpla. Det skal vi endre på nå!

Alt frå tubar med majones til makrellboksar, folie og grillformer, inneheld aluminium og skal resirkulerast.

Alle elevane som er med på aksjonen får eit eige nett til resirkulering av aluminium.

Aksjonen er delt i tre:

- I Resirkulering (23. september til 20. oktober)
- II Petter Smart oppfinnar-konkurranse (21. oktober til 20. november)
- III Bilde-konkurranse (23. september til 20. november)

Vi har både store og mindre premiar, og vi trekk ut vinnarar kvar veke!

Aluminium er eit metall som kan resirkulerast i det uendelege! Det er sterkt, lett å forme, har liten vekt og er bærekraftig. Med energien som trengs for å lage éin ny boks, kan vi lage 20 resirkulerte boksar. Det betyr at vi hjelper jorda med å spare energi når vi resirkulerer. Heldigvis er 75 % av all aluminium som er produsert framleis i bruk, som følge av resirkulering.

I Aksjon aluminium har vi delt inn emballasjen som skal resirkulerast i fire kategoriar: Former, boksar, folie og tubar. Aksjon aluminium har rekna ut kor mykje aluminium det er i snitt i kvar eining. Kvar veke i fire veker skal elevane resirkulere mest mogleg. Til dette har kvar elev fått sitt eige resirkuleringsnett. Elevane skal sjølvsgåt sleppe å ta med seg all aluminiumsemballasjen til skulen. Som prov på det dei har resirkulert, registrerer dei talet kvar veke på registreringskortet og tek dette med seg på skulen. Det er ikkje lov å bruke meir folie enn ein gjer til vanleg, eller berre ete hermetiske tomatar til middag. De skal samle inn aluminium som allereie er i bruk. Elles går jo vinninga opp i spinninga!

Aksjon aluminium skal vere morosamt å delta på, men vi som er med skal og lære noko. Tema vi skal lære meir om medan aksjonen går føre seg, er mellom anna krinsløp, gjenvinning, energi, klima og aluminium. Samstundes gjer vi noko bra for miljøet!

Les meir om reglar, premiar og nyhende på [aksjonaluminium.no](http://aksjonaluminium.no). Her kan du også følgje med på kva som blir resirkulert under aksjonen!

### Klar-ferdig-gå!



FORSKER-  
FABRIKKEN



Grønt Punkt Norge  
Norsk Metallgjenvinning AS

